



STOLT KAR: – Eg er sjølv sagt veldig stolt av at konferansen vert halden her på Voss, seier den lokale spelutgjevaren Bjarne Rene, som også er styremedlem i JoinGame.

Speleemann set Voss på kartet

Over 100 internasjonale og nasjonale spelutviklarar har hatt ein stor konferanse på Voss denne veka. Mannen som står bak er **Bjarne Rene**.

Det er ikkje berre skitrekka og reiselivet som trekker folk til Voss. Den lokale spelutviklaren Bjarne Rene bak firmaet Vostopia, har sytt for at kremen av spelutviklarar i landet har hatt sin første internasjonale konferanse på Voss.

– Eg sit i styret for JoinGame, som er det største nettverket av spelutviklarar og spelforskarar i landet. I år skulle me ha den første internasjonale konferansen vår. Eg stakk meg ut og føreslo Voss som arrangementstad, seier Bjarne Rene.

STORE NAMN. Mellom dei godt over 100 deltakarane, har det vore mange store



namn på gjeste-lista.
– Her er mellom anna verdas største spelutgjevar Electronic Arts (EA), ARM, Unity 3D og Badello. Desse er store namn innan spel-

industrien, seier Rene.

Han tykkjer det er stas at så mange viktige aktørar i spelindustrien er her på heimstaden hans.

– Sjølv sagt er det kjempegøy at alle samla her. Ein skal ikkje sjå vekk frå at nokon tek inspirasjon frå staden, og nytta Voss som utgangspunkt for framtidige spelunivers.

Også leiar i JoinGame, Alf Inge Wang, kan skriva under på at Voss har stått til forventningane.

– Voss er ein fantastisk flott stad, men mange fine fasilitetar. Her kjem eg gjerne att, seier Wang.

VEKSANDE INDUSTRI. Det er den stadig veksande spelindustrien som er bakgrunnen for arrangementet. Også i Noreg er det fleire og fleire som vel å satsa på spel, anten det er til nett, mobiltelefonar, Wii, iPad eller liknande.

– Ei fersk undersøking syner at det no er over 70 føretak i Noreg som på ein eller annan måte driv med spel. Så mange har det aldri vore tidlegare. I tillegg vel fleire og fleire også å ta utdanning innan spelutvikling og grafikk, så det er ingen tvil om at dette er ein stort fagfelt for framtida, seier Rene.

Sjølv har Rene alltid vore interessert i datateknologi.

– Eg fekk mi første datamaskin då eg var ti år. Hadde eg hatt pengar til det før, hadde eg nok kjøpt meg ei mykje tidlegare, ler han.

AMBISJØSE PLANAR. Firmaet Vostopia, som han starta opp saman med tre andre i 2009, går også som det susar.

– Me har no auka arbeidsstabben med to, inkludert ein praksisstudent frå Tyskland. Me er også i gang med å distribuera eit Avatar-system til ulike spelutviklarar.

Avatar-systemet går ut på at Vostopia lagar til fleire ulike figurar (avatara), som representerer spelarane, og som kan brukast i fleire ulike spelplattformar.

– Slike figurar tek lang tid å laga, og me har stor tru på at mange spelutgjevarar vil vera interesserte i å kjøpa desse figurane. Målet er å vera best i verda og at alle i verda kan ha sin eigen avatar, seier Rene, og legg til:

– Og ekstra kjekt er det jo at dei vert laga her på Voss!

FAKTA | JOINGAME

- Største nettverk av spelutviklarar og spelforskarar i Noreg.
- Etablert i 2007.
- Jobbar for å fremja og styrke utvikling av og forsking på dataspel i Noreg.
- Medlemene kjem frå over 190 private og offentlege institusjonar, i tillegg til høgskular, universitet og forskingsinstitusjonar som jobbar med dataspel.
- Føretaket er finansiert av Norges Forskningsråd.

Kjelde: leiar i JoinGame, Alf Inge Wang